



**BYGLAND
KOMMUNE**
Med hjarta i Bygland

Byglandsnytt nr. 53 – januar 2024

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland tlf. 37934700,
post@bygland.kommune.no. www.bygland.kommune.no
Neste utgåve: 01. februar 2024. Send tips innan 29.01.

Bygland blir omstillingskommune (sjå s. 3/4 og 7/8)



INVITASJON TIL OPE MØTE

Bli med og form framtida til Bygland

Bygland blir omstillingskommune. Kva vil det bety i praksis? Kva moglegheiter ligg og ventar? Og kva skal til for å skape ei utvikling der næringslivet blomstrar? Vi ser fram til å få fram endå meir skaparkraft og nye tankar i Bygland.

Kommunen inviterer til ope møte for å informere, inspirere og tenke høgt saman.

TORSDAG | 11 | JANUAR
KL 18:00 | | 2024
-20:00

REVSNES HOTELL,
BYGLANDSFJORD

Velkommen!



Opningstider Bygland kommunehus

- Sentralbord/**Publikumsmottaket**: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00

Kunngjeringar

Ingen aktuell kunngjering.

*Kunngjeringar frå Bygland kommune finn du på heimesida:
bygland.kommune.no/kunngjeringar/*

Politiske møte, sakspapir og protokollar

www.bygland.kommune.no/innsyn

- Rådet for eldre og funksjonshemma: 22.01. kl. 12.00
- Bygland ungdomsråd: 22.01. kl. 15.30
- Plan, miljø og ressursutvalet: 23.01. kl. 09.00
- Levekårsutvalet: 24.01. kl. 09.00
- Formannskapet: 25.01. kl. 09.00

Evje og Bygland legesenter tlf. 37 40 79 00 - Legevakt tlf. 116 117
telefontider måndag – fredag 08.30 – 11.30 og 13.00 – 15.00

- **Bygland legekantor**, Sentrum 18, 4745 Bygland
- **Evje legekantor**, Ljosheimvegen 5, 4735 Evje

	Bygland	Evje
måndag		08.00 - 15.00
tysdag	08.00 - 15.00	08.00 - 15.00
onsdag	08.00 - 15.00	08.00 - 15.00
torsdag	08.00 - 15.00	08.00 - 15.00
fredag		08.00 - 15.00

Tannlegeklinikken i Bygland via Evje tannklinikk tlf. 37 93 01 95
Sentrum 18, 4745 Bygland, 2. etg. på kommunehuset

Folkebiblioteket i Bygland v/ Mari Rygg, tlf. 945 22 025

	Bygland	Byglandsfjord	veke 44 + 45
måndag	11.30 – 15.00	16.30 - 19.00	17.00 – 19.00
tysdag	16.00 – 18.00	10.00 – 14.15	-
torsdag	13.00 – 17.00		

Ledige stillinger i Bygland kommune

Bygland kommune: Moglegheitsutviklar for omstillingskommunen Bygland

Vil du vere med på å bane veg for skaparkraft og begeistring i ein feiande flott Agder-kommune?

Søknadsfrist: 16.01.2024



Bygland kommune i Setesdal har fått status som omstillingskommune.

Målet med det statlege programmet er å:

- bidra til ei positiv utvikling gjennom nye arbeidsplassar, samt sikre dei eksisterande
- bidra til eit meir robust og variert næringsliv
- bidra til auka utviklingsevne hjå næringslivet og kommunen
- Bygland kommune søker etter ein moglegheitsutviklar som kan leie omstillingsprogrammet. Dette er eit engasjement i 100% stilling i tre år, med moglegheit for fast tilsetjing dersom prosjektet held fram i ytterlegare tre år.

Prosjekteigaren er kommunen. Moglegheitsutviklaren er prosjektansvarleg, og rapporterer til eit eige omstillingsstyre. Dette styret er sett saman av representantar frå både næringslivet og kommunen. Innovasjon Noreg og Agder fylkeskommune bidreg med fagleg oppfølging.

I startfasen vil mogleigheitsutviklaren også jobbe tett på det eksisterande næringsarbeidet i Bygland. På denne måten kjem ein kjapt inn i kommunen si næringssetting.

Moglegheitsutviklaren vil også arbeide tett saman med fagmiljøet i kommunalområdet Samfunn. Dei har ansvaret for det noverande utviklingsarbeidet i Bygland.

Ansvarsområde og arbeidsoppgåver:

- leie arbeidet med omstillingsprogrammet i samarbeid med lokale, regionale og nasjonale aktørar
- vidareutvikle og følgje opp den godkjende strategiske planen for omstillingsarbeidet, samt aktivitetar og prosjekt i tråd med årleg handlingsplan
- vere ein proaktiv og samlande moglegheitsutviklar i prosjektet

- sikre engasjement gjennom ein involverande prosess i ulike fasar av prosjektet
- bygge omdøme og samspel mellom kommunen og lokalsamfunnet gjennom aktivt kommunikasjonsarbeid
- kommunisere og rapportere framdrift og resultat i relevante fora

Vi ønsker gjerne at du har:

- relevant høgare utdanning på masternivå (relevant erfaring kan kompensere for utdanningskravet)
- utdanning og/eller erfaring frå prosjektleiing
- erfaring frå utviklingsarbeid innan privat eller offentleg sektor, samt innsikt i det offentlege verkemiddelapparatet
- god kompetanse i bruk av digitale verktøy
- erfaring frå informasjonsarbeid vil bli tillagt vekt

Søknad, CV og vitnemål sendast snarast og innan søknadsfrist: 16. januar 2024. Bygland kommune har nynorsk som målform.

Dersom du har spørsmål om stillinga, ta gjerne kontakt med våre rådgjevarar i **Headvisor**:

- Merete Svendsen – mobil 95 18 63 31, merete.svendsen@headvisor.no
- Janne Siri Horne – mobil 90 72 11 64, janne.horne@headvisor.no

Alle førespurnader blir behandla konfidensielt inntil anna er avtala.

Vi gjer merksam på at informasjon om søkarar kan bli offentleggjort sjølv om søkar har bede om at søknaden får fritak frå offentlegheit. Søkarar vil bli varsla dersom oppmodinga om reservasjon ikkje kan imøtekommast (jf. Offentleglova § 25).

For full annonsetekst sjå Bygland kommune si heimeside.

Bygland Kommune, helse - og omsorg: Avdelingsleiar open omsorg

Vi har ledig eit 100 % stilling som avdelingsleiar open omsorg

Søknadsfrist: 21.01.2024

Webcruiter-ID: 4722559732

Blant **arbeidsoppgåver** er det:

- Avdelingsleiar har hovudansvar for brukarar, samt dagleg oppfølging av økonomi, personale og fag.
- Rapporterer til tenesteleiar helse og omsorg.

- Turnusplanlegging
- Sakshandsaming og medikamenthandtering i samsvar med lover og forskrifter.
- Drive opplæring og rettleiing av tilsette.
- Samarbeide med brukarar , pårørande og friviljuge.
- Samhandling på tvers av avdelingar for å sikre eit heilhetleg pasientforløp.
- Arbeide med kvalitetsforbetring.

Kontaktinformasjon

Leif Sigurd Helle, Tenesteleiar helse og omsorg

Telefon: 950 52 813, e-post: leif.sigurd.helle@bygland.kommune.no

Bygland Kommune, Helse og omsorg: Ferie-/sommarvikarar 2024

Søknadsfrist: snarast

Webcruiter-ID: 4706676341

Om stillinga

Bygland kommune har behov for ferievikarar til eining for helse og omsorg sommaren 2024. Kjerneperioden er 1.6.24 - 11.8.24, men det vil vere mogleg å starte tidlegare for nokon, samt arbeide lenger for andre. Stillingsstorleiken vil vere varierende ut frå våre behov, men for dei aller fleste vil den ligge mellom 60-100 %.

Vi søker flinke og pliktoppfyllande sommarvikarar til Byglandsheimen (sjukeheim), open omsorg (heimebaserte tenestar), psykiatri og habilitering, samt innan kjøkken og heimehjelp (praktisk bistand).

- Alle over 17 år med interesse for fagfeltet kan søkje.
- Søklarar til open omsorg (heimebaserte tenester) må ha førarkort klasse B.
- Søklarar til heimehjelp må ha førarkort klasse B og disponere eigen bil.

Det er viktig at du i søknaden oppjev kva for periode du kan arbeide. Dei som kan jobbe heile sommarperioden vil bli prioritert.

For ytterlegare informasjon, ta kontakt med:

- Psykiatri / habilitering/ heimehjelp: Avdelingsleiar Silje Christine Stangvik, tlf. 97 75 00 26. E-post: silje.stangvik@bygland.kommune.no
- Byglandsheimen / open omsorg: Avdelingsleiar Sofie Oliegreen, tlf. 94 18 90 36. E-post: sofie.oliegreen@bygland.kommune.no

Sjuka-/vernepleiar-/legestudentar som er ferdige med studiane tidlegare enn kjerneperioden bes om å ta direkte kontakt med oss.

Arbeidsoppgåver

- Turnusarbeid for stillinger i pleien.
- Vanleg arbeidstid for stillinger innan heimehjelp, kjøkken, reinhald, m.a.

Kvalifikasjonar

- Fagutdanna, eller søkjarar under helsefagutdanning blir prioritert
- Det vert kravd gode kommunikasjonsferdigheiter i norsk, både skriftleg og munnleg
- Det er ønskeleg med grunnleggande IKT-kunnskap

Bygland Kommune, Helse og omsorg: Bli støttekontakt

Ein støttekontakt bidreg til at personar med ulike utfordringar får ei meiningsfull fritid og eit meir sosialt liv.

Kven kan bli støttekontakt?

- Du må ha fylt 18 år.
- Du må vere påliteleg, omgjengeleg og lyst til å bidra til at andre får ei meiningsfull fritid.
- Du må vere sosial og ha evne til å sette i gong aktivitetar.
- Det er ingen krav til fagleg utdanning, men vi legg stor vekt på om du er personleg eigna.

Vi krev politiattest frå alle nye støttekontaktar.

Interesser, alder, kjønn og personlegheit er viktig når vi skal velge rett støttekontakt til brukarane våre. Når du søker vil vi difor gjerne vite mest mogleg om kva du likar å gjere.

Slik søker du

Du søker ved å fylle ut det elektroniske skjemaet som du finn på kommunen si heimeside under Skjema - Helse og omsorg: skjema.bygland.kommune.no/

Kva skjer vidare?

Er du ein av støttekontaktene vi ser at vi har behov for, vil vi ta kontakt. Det vil variere kor lang tid det tar før du får tilbod om oppdrag ut i frå vårt behov og dine kriterie.

Samfunn

Bygland blir omstillingskommune

Bygland kommune i Setesdal har fått status som omstillingskommune.



Bilete: Bygd livet på Tangen, Bygland

Målet med det statlege programmet er å:

- bidra til ei positiv utvikling gjennom nye arbeidsplassar, samt sikre dei eksisterande
- bidra til eit meir robust og variert næringsliv
- bidra til auka utviklingsevne hjå næringslivet og kommunen

Det blir tilset ein moglegheitsutviklar (s. stillingsannonsen på s. 3/4) som er prosjektansvarleg, og rapporterer til eit eige omstillingsstyre. Dette styret er sett saman av representantar frå både næringslivet og kommunen. Innovasjon Noreg og Agder fylkeskommune bidreg med fagleg oppfølging.

Opne møte: Bli med og form framtida til Bygland

Bygland kommune inviterer til opne møte på Revsnes Hotell, Byglandsfjord torsdag 11.01.2024 kl. 18.00 – 20.00 (sjå annonse på s. 1).

Bygland blir omstillingskommune. Difor inviterer kommunen til ope møte for å informere, inspirere og tenke høgt saman.

I møtet vil vi drøfte følgjande spørsmål:

- Kva vil det bety i praksis?
- Kva moglegheiter ligg og ventar?
- Kva skal til for å skape ei utvikling der næringslivet blomstrar?

Vi ser fram til å få fram enda meir skaparkraft og nye tankar i Bygland.

Drift og forvaltning

Gratis familiebadning på Bygland

Frå og med 1.1.24 er det gratis for heile familien å bruke badebassenget på Bygland skule.



Kommunestyret vedtok i møte den 14.12.23 at taksten for familiebadninga skal vere 0.-

Det betyr då at vi ønskjer alle velkomne til ein gratis symjetur i badebassenget på Bygland skule kvar tysdag og fredag mellom kl. 17.00 og 20.00.

Leigekøyring med snøskuter - ny søknadsfrist er 20. januar

Retningslinene for tildeling av snøskuterløyve er endra. Dette medfører at det blir ny søknadsfrist for leigekøyring med snøskuter.



Plan-, miljø- og ressursutvalet har i sak Retningsliner for tildeling og handsaming av motorferdselsløyve bestemt at det kan bli gitt inntil 13 løyve til leigekøyring i Bygland kommune.

Søklar må vere tilhøyrande kommunen og ha eit registrert føretak som høver for å ta på seg frakt med snøskuter. Løyve med utgangspunkt i frå Borteli, Ljosland og Øvre Sirdal er unnateke frå regelen om fast busetnad i Bygland kommune. Desse må då vere busett i høvesvis Åseral eller Sirdal kommune.

Leigekøyrarar som har levert inn loggbok for utførte køyreoppdrag i førre periode, og leigekøyrarar som i søknaden viser at dei vil dekke eit stort geografisk område vil bli prioritert i søknadsprosessen. Ved utføring av

oppdrag må leigekøyrar sjølv forvise seg om det er greitt for grunneigarane i området at dei køyrer.

Om du ønskjer å søke, må det gjere det på skjema, Motorferdsel i utmark.

Meir om leigekøyring som næring og retningsliner for handsaming av søknadar etter motorferdselslova finn du på kommunen si heimeside, søkeord Motorferdsel i utmark.

Vintervedlikehald på kommunale vegar

Snøen er like om hjørnet.

Følgjande entreprenørar har ansvaret på dei kommunale vegane i Bygland komande vinter:



Rode Longerak – Byglandsfjord:	Krister Bolstad
Rode Bygland m omeng:	Øivind Aakhus
Rode Sordalsvegen:	Arne Bjørgum og Agder fylkeskommune
Rode Åraksbø / Haugetveit / Sandnes	Arne Bjørgum
Rode Langs Rv 9 nord for Storstraumen	Svein Helge Nomeland
Rode Frøyrak / Dale / Nesmoen	Øivind Aakhus og Agder FK

Helse og Omsorg

Flyktningteneste informerer:

Vil du/dykk tilby språkpraksis plass?

Flyktningane treng ein språkpraksis plass. Kan arbeidsplassen din bidra?

Bygland kommune har busett ca. 50 flyktningar i 2022 og 2023. I 2024 kjem det kanskje fleire.

Mange av desse er vaksne som deltek i introduksjonsprogrammet med mål om å få arbeid eller utdanning, og vi treng nye praksisplassar i tida framover.

Ved å gje ein flyktning ein sjanse til å lære om arbeidslivet og trene på å snakke norsk gjer arbeidsplassen din ein viktig jobb for integrering.



Bilete: Arbeidsplass. Fotograf: pixels.com

Deltakarane som er i språkpraksis har rett på introduksjonsstønad. Det vil seie at det er kommunen som betalar «lønn» mens deltakarane er i språkpraksis.

Kvifor skal du tilby språkpraksis?

- Deltakar i praksis kan bidra med arbeidskraft i bedrifta.
- Det gjev bedrifta di moglegheit til å rekruttere.
- Dykk bidreg til fleire i jobb og eit sosialt berekraftig samfunn.

Kva forpliktar bedrifta seg til?

- Inkludere deltakaren fagleg og sosialt på arbeidsplassen.
- Motivere deltakar til å lære om norsk arbeidsliv og snakke norsk
- Ha ein medarbeidar som hjelper deltakar på arbeidsplassen
- Gje deltakaren ein referanse til hjelp ved framtidige jobbsøk

Vil du tilby praksisplass til flyktningar?

Du kan ringe 950 41 185 ELLER sende ein e-post til:

gro.tove.sandnes@bygland.kommune.no

BYGLANDSHEIMEN

Open dag - onsdagar kl. 11.00 – 14.00

Velkomen til hyggeleg treff i Storstoga på Byglandsheimen med kaffe, ein smakebit og varierende underholdning.

Ansvarleg: Kenneth Fyhn, tlf. 90 22 55 03, trivselskoordinator på Byglandsheimen

(OBS! IKKJE på onsdag 24.01.!)



Bilete: Byglandsheimen av Margit Smedsland

Kultur

Endra opningstid på biblioteket på

Byglandsfjord januar ut

- **Byglandsfjord**: måndag kl. 17.00 og 19.00



Kyrkjene i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd

Sentrum 18, 4745 Bygland

bygland.kyrkelyd.no og på Facebook.



Kontakt

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472

Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711

Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159

Gudstenester (med atterhald)

- søndag 21.01. kl. 16.00: Gudsteneste i Sandnes kyrkje, Åraksbø v/ Kjell Steinbru.



Bilete: Sandnes kyrkje av Susanne Hegenscheidt

Andakter på Byglandsheimen

- tysdag 09.01.2024
- tysdag 23.01.2024

Konfirmantundervisning v/ Kjell Steinbru på Vonheim, Bygland

- tysdag 16.01., kl. 14.30

Bygland Frivilligsentral

KONTAKT: Bygland frivilligsentral, Sentrum 18, 4745 Bygland, e-post: post@bygland.no.

frivilligsentral.no. Nettside: bygland.frivilligsentral.no



INFO: **Olav Grendstad** er vikar for Anne Fauske på **BUA**, tlf. 945 02 858

Guro Kvaale Skibsrud er vikar for Anne Fauske på **Bygland frivilligsentralen**.

Frivilljuge vil fortsatt vere engasjerte, men med Guro som ansvarleg. Alt av spørsmål kan rettes til henne, tlf. 906 65 459.

Ved andre spørsmål ta kontakt med leiar samfunnsutvikling/assisterande kommunedirektør **Aslak Jørundland Brekke**, tlf. 916 93 675.

Opne aktivitetar:

- BUA Bygland (tidlegare Utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka

Aktivitetar på Bygland frivilligsentral:

- **Språkkafé:** tysdagar 09.og 23.01. kl. 12.00
- **Språkkafé på biblioteket på Byglandsfjord:** onsdagar 10.og 24.01. kl. 12.00
- **Bingo:** tysdagar 09.og 23.01. kl. 18.00
- **Strikkekafe:** torsdagar 18.01. kl. 18.00 – 21.00

- **Måndagskafé (OBS! tidlegare Tysdagskafé):** måndagar i oddetallsveker, kl. 12.00. 15. og 29.01. kl. 12.00 – 14.00
- **Bygdemiddag:** tysdagar 16. og 30.01. kl. **16.00** (ny tid!) – 18.00
- **Styrketrening:** kvar torsdag kl. 13.00 – 14.30 – Byglandshallen
- **Seniorsenter:** måndagar 15. og 29.01. kl. 11.00 – 14.00 – Pakkbua på stasjonsområdet, Byglandsfjord
- **Teppewbowl:** torsdagar i partallsveker kl. 16.30 – 18.30, Byglandshallen; 11. og 25.01.

Bygland ungdomsklubb (ikkje i skuleferien eller høgtider)

mån: 18.30 - 20.00, 5. - 7. kl. (Byglandshallen)

mån: 20.00 - 22.00, 6. - 10. kl. (Byglandshallen)

ons: 19.00 - 22.00, 8. kl.-VGS (Byglandshallen)



Tømekalender for Bygland kommune – januar 2024

- **Matavfall og restavfall:** veke 02: torsdag 11.01.
- **Papir og plast:** veke 04: tysdag 23.01.
- **Matavfall og glass/metall:** veke 04: torsdag 25.01.

Gjenvinningsstasjoner

Nesmoen, Bygland: kvar 2. onsdag i måneden kl. 14.00 – 18.00 (10.01.) og 4. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (27.01.)

Syrtevit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (13.01.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt NR. 53

Bilete: Framside: Gakkestad av Susanne Hegenscheidt. Innhald (m. m. anna er spesifisert): pixabay.com, S. Hegenscheidt, Anne Fauske.

Red.notat: S. Hegenscheidt. Kva skjer:

Byglandsfjord av Johannes Hansen. 🧠

Redaksjon: Susanne Hegenscheidt. Korrektur:

Ingen i denne utgåva. Byglandsnytt februar 2024: 01.02., skrivefrist 29.01.



KINO PÅ BYGLAND

Bygdekinoen: Bygland kulturscene - onsdag 24. januar

Kiosk: Framsteg 4H

Kl. 17.30: Bukkene Bruse på badeland (alle)

Omtale: Du har sikkert høyrte eventyret om dei tre Bukkene Bruse som skulle til seters for å gjere seg feite? I denne heilsprø versjonen av eventyret gidd ikkje dei tre Bukkene å dra til setra endå ein gong. I år skal dei på Badeland! Samtidig legg det skrubbsvultne Trollet ein plan, saman med dei utspekulerte kråkevennene sine vil han prøve å overraske Bukkene med alskens skitne triks.

Billettpris: 110 kr

Filmfakta:

Regi: Will Ashurst. Språk: Norsk. Produksjonsår: 2023

Skodespelarar: Cengiz Al, Mikkel Niva, Trond Fausa Aurvåg, Alexandra Gjerpen, Jan Martin Johnsen, Andrea Bræin Hovig, Myra, Samsaya

Sjanger: Animasjon/Barnefilm. Nasjonalitet: Noreg. Lengde: 1t. 10min.



Kl. 19.30: Konvoi (12 år)

Omtale: Sommaren 1941 verka Hitlers krigsmaskin ustoppelig. Etter å ha underlagt seg store delar av Europa, invaderte Tyskland Sovjetunionen. Dei allierte sender konvoiar av lasteskip fylt med krigsmateriell frå Island til Murmansk og Arkhangelsk for å hjelpe. I Konvoi følgjer vi eit norsk lasteskip på den dramatiske reisa. Under ferda blir konvoien splitta og dei blir overlata heilt til seg sjølv. Utan noko form for militær bakgrunn står mannskapet no ansikt til ansikt mot den tyske krigsmaskina i det iskalde Nordishavet.

Billettpris: 130 kr

Filmfakta:

Regi: Henrik Martin Dahlsbakken. Språk: Norsk. Produksjonsår: 2023

Skodespelarar: Tobias Santelmann, Anders Baasmo, Heidi Ruud Ellingsen, Jon Ranes, Preben Hodneland, Kristian Repshus, Olav Waastad, Adam Lundgren, Jakob Fort, Fredrik Stenberg D-S, Tord Kinge. Sjanger: Spenning /Krigsfilm / Nasjonalitet: Noreg. Lengd: 1t. 48min. Aldersgrense: 12 år.



YMSE

**STOGA kulturkafé og BYGLAND
TURISTKONTOR**, Presteneset 10,
4745 Bygland, tlf. 907 81 105

open

- fredagar kl. 13.00 – 19.00
- søndagar kl. 11.00 – 19.00

På turistkontoret får du

- kart over Bygland og over enkelte turar
- fiske og fiskekort i Bygland / info om bomvegar i Bygland
- kaffi, vaflar, toast, is, avisar og Setesdal-bøker



Bilete: Olav Grendstad

BJOREN BRYGGE på Presteneset på Bygland – sjå også på Facebook

**BJOREN
BRYGGE**

**I Januar er det KUN åpent
på Torsdager 15-19
(sjå egen meny)
Men tek imot bestillingar av
ymse slag utenom..**

Nina 93262168

We wish you a happy and peaceful
winter with your loved ones.

**Bjoren
brygge**

Torsdags menyen
JANUAR

**4. Kyllingsuppe
11. Komper
18. Kjøttkaker
25. Koteletter**

-Fint om du tingar porsjonen din!
Nina 93262168

Kong Hanes Eftf – onsdagar kl. 19.30
musikkrom, Bygland skole

Byglandsfjord barnekor – annankvar
mandag kl. 17.00, Fredheim bedehus,
Byglandsfjord (15. og 29.01.)





Tømekalender i Bygland kommune

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

Bygland kommune tenestetorget. Tlf: 37 93 47 00. E-post: post@bygland.kommune.no
E-post: post@smg-iks.no. www.smg-iks.no. Tlf: 37 93 17 00



Gron dunk= Restavfall
Brun dunk = Matavfall



Gron dunk= Papir
Plastsekk = Plast



= Glas/Metall

2024

Merknad: Syrtveit Avfallsanlegg Evje, fri levering av sortert husholdningsavfall.
Tysdag kl.08.00–14.30. Torsdag kl.09.00–19.00. 2.laurdag i månaden kl. 10.00–13.00

Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni
M 1	Første nyttårsdag	F 1	M 1 Andre påskedag	O 1 Arbeidernes dag	L 1
T 2	F 2	L 2	T 2	T 2	S 2
O 3	L 3	S 3	O 3	F 3	M 3
T 4	S 4	M 4	T 4	L 4	T 4
F 5	M 5	6	F 5	S 5	O 5
L 6	T 6	O 6	L 6	M 6	T 6
S 7	O 7	T 7	S 7	T 7	F 7
M 8	2	T 8	M 8	O 8 Nesmoen gj.vst.	L 8
T 9	F 9	L 9	T 9	T 9 Kristi himmelfartsdag	S 9
O 10 Nesmoen gj.vst.	L 10	S 10	O 10 Nesmoen gj.vst.	F 10	M 10
T 11	M 11	M 11	T 11	L 11	T 11
F 12	M 12	T 12	F 12	S 12	O 12 Nesmoen gj.vst.
L 13	T 13	O 13 Nesmoen gj.vst.	L 13	M 13	T 13
S 14	O 14 Nesmoen gj.vst.	T 14	S 14	T 14	F 14
M 15	3	T 15	F 15	M 15	L 15
T 16	F 16	L 16	T 16	T 16	S 16
O 17	L 17	S 17	O 17	F 17 Grunlovsdagen	M 17
T 18	S 18	M 18	T 18	L 18	T 18
F 19	M 19	T 19	F 19	S 19 Første pinsedag	O 19
L 20	T 20	O 20	L 20	M 20 Andre pinsedag	T 20
S 21	O 21	T 21	S 21	T 21	F 21
M 22	4	T 22	M 22	O 22	L 22 Nesmoen gj.vst.
T 23	F 23	L 23 Nesmoen gj.vst.	T 23	T 23	S 23
O 24	L 24 Nesmoen gj.vst.	S 24	O 24	F 24	M 24
T 25	S 25	M 25	T 25	L 25 Nesmoen gj.vst.	T 25
F 26	M 26	T 26	F 26	S 26	O 26
L 27 Nesmoen gj.vst.	T 27	O 27	L 27 Nesmoen gj.vst.	M 27	T 27
S 28	O 28	T 28	S 28	T 28	F 28
M 29	5	T 29	F 29 Langfredag	M 29	L 29
T 30		L 30	T 30	T 30	S 30
O 31		S 31 Første påskedag	F 31		

Nesmoen Gjenvinningsstasjon. Oppnåstider: 2. onsdag i månaden kl.14.00-18.00 og 4. laurdag i månaden kl.10.00-13.00.

KVA SKJER I BYGLAND?
JANUAR 2024
 (med atterhald om endringar)



DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT
torsdag 11.01.	Bygland kommune; Revsnes Hotell	18.00– 20.00	Ope møte: Bygland blir omstillingskommune (sjå s. 7)
	Bjoren Brygge	15-19	Open kafé; meny: Kompe
fredag 12.01.	Stoga kafé, Bygland	13-19	Open kafé
sundag 14.01.	Stoga kafé, Bygland	11-19	Open kafé
tysdag 16.01.	Bgl. frivilligsentral	16-18	Bygdemiddag (OBS! ny tid!)
onsdag 17.01.	Byglandsheimen	11-14	Open dag
torsdag 18.01.	Bjoren Brygge	15-19	Open kafé; meny: Kjøttkaker
fredag 19.01.	Stoga kafé, Bygland	13-19	Open kafé
sundag 21.01.	Sandnes kyrkje	16.00	Gudsteneste på Åraksbø
	Stoga kafé, Bygland	11-19	Open kafé
onsdag 24.01.	Bygdekinoen på Bygland kulturscene	17.30	Film 1: Bukkene Bruse på badeland (alle)
		19.30	Film 2: Konvoi (12 år)
torsdag 25.01.	Bjoren Brygge	15-19	Open kafé; meny: Koteletter
fredag 12.01.	Stoga kafé, Bygland	13-19	Open kafé
tysdag 23.01	Byglandsheimen	14.00	Andakt
sundag 28.01.	Stoga kafé, Bygland	11-19	Open kafé
tysdag 30.01.	Bgl. frivilligsentral	16-18	Bygdemiddag

Bygland frivilligsentral: sjå s. 11/12